

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Deres ref.:
Vår ref.: 11737264

Dato: 19.09.2016

Ny sjøkabel mellom Knarvik (nord) og Tyborgøy

BKK forsyner i dag dei to husa på Tyborgøy med luftspenn over vågen. Det er 17m seglingshøgde og derfor ei ganske høg mast. Linja er ein del år og det viser seg ved kontrollmåling at spenninga er for låg. BKK Nett er derfor pliktig å forsterke nettet ut til Tyborgøy.

Me har vurdert ulike alternativ og komme fram til at det beste vil vere å leggje sjøkabel frå Knarvik og ut til Tyborgøy, for så å gå over til luftnett der ute. Det blir då noko ny luftrase og noko som er eksisterande trase. Ein vil då rive eksisterande trase over holmane.

Me har avtalt med grunneigar på begge sider at det er i orden for dei. Traseen går nord for av merka gyteområdet i kommuneplanen. Me er og einige med Telenor om å skrive ein kryssingsavtale i samband med at me kryssar deira fiberkablar som går ut vågen.

I følgje kommuneplan og kommunedelplan er det LNF området på begge sider av vågen. Me oppfattar sjøområdet til å gå inn under «Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområdet» Der det i følgje pkt. 6,2 er lov å leggje blant anna straumkablar.

Me ber om ei utale frå kommunen på at det kan leggjast sjøkabel i dette området, som kan leggjast ved vår søknad til Havnevesenet.

Vedlagt ligg kart som syner planlagt trase. For spørsmål, merknader eller andre henvendingar vær venleg å ta kontakt med Ingvard Jordal på e-post: ingvard.jordal@bkk.no eller tlf. 55127173

Vennlig helsing
BKK NETT AS

Ingvard Jordal